




K F U K
K F U M

ULSTEIN



Årsmelding 2019

Ulstein KFUK-KFUM

KFUK-KFUM er ei forkorting for Kristen Foreining for Unge Kvinner og Unge Menn.

Føremålet til Noregs KFUK-KFUM er å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Vi vil hjelpe menneske å leve og vekse i tru på Jesus Kristus og i mellommenneskeleg forståing, og utfordre til engasjement og handling i kyrkje og samfunn, lokalt og globalt.

Vi er ein del av YWCA og YMCA – verdas største ungdomsrørslé. Ulstein KFUK-KFUM høyrer til Møre og Romsdal KFUK-KFUM, Noregs KFUK-KFUM og KFUK-KFUM-speidarane. Vi samarbeider tett med Ulstein sokn.

Ulstein KFUK-KFUM er eit aktivt lag for folk i alle aldrar som ønskjer å ta del i eit kristent og mangfaldig fellesskap. Vi held til på Fredheim i Ulsteinvik sentrum og har i dag i overkant av 300 aktive medlemmar.



Styret

Hovudstyret i Ulstein KFUK-KFUM

Magne Grimstad jr. (2018–2020), styreleiar
Silje Kiperberg Aksnes (2018-2020), styremedlem/styreleiar
Edith Steinsvik (2018-2020), styremedlem
Andreas Halle (2018-2020), styremedlem
Solveig Johnsen Dahl (2019-2021), styremedlem
Hiljerd Holt Myrene (2019-2021), styremedlem
Andreas Lunde (2019-2021), styremedlem

Toril Vågen Vattøy (2019-2020), varamedlem
Björg-Allis Haanes (2019–2020), varamedlem

Kasserer: Arnfinn Hanstad (2019–2020)

Revisor: Harald Nordal (2019–2020)

Bibeltimenemnd: Judit Grimstad Hatløy (2019–2020)

Husnemnda for Fredheim

Lidbjørn Vattøy (2018-2020)
Gunvor Grimstad (2018-2020)

Sigbjørn Halle (2019-2021)
Jostein Kiperberg(2019-2021)
Evy Hide Vattøy (2019-2021)
Merethe Dragsund (2019-2021)

Hjelparar:
Elfrid Kleven Hanstad

Valnemnda

Knut Johan Rønning (2019-2020)
Valperiodane står i parentes.

Styrearbeid

Styret har arbeid godt gjennom året. Magne Grimstad jr. blei styreleiar ved årsmøtet. Grunna sjukdom gjekk Silje Kiperberg Aksnes inn som styreleiar frå april. Styret har handsama 39 saker i 2019. I hovudsak har det vore saker knytt til arrangement eller økonomi.

Arrangement i 2019 har vore felles oppstartsgudsteneste med soknet, basar med ny rekord (!) og adventsfest, i tillegg til torsdagskveldar og kafé etter Drypp-gudstenester. Styrearbeidet har i 2019 vore prega av førebuing til Vintertreff 2020, 4 av styremedlemmane har også vore medlemmar i hovudkomiteen til Vintertreffet.

Jubileumsgåva vi fekk frå Sparebanken Møre i desember 2018 har gjort at vi har kunne gjere viktige oppgraderingar av huset som kjem alle brukarar til nytte. Dette er vi svært takksame for.

Fredheim er eit hus som rommar mykje aktivitet for alle aldrar, og det gjer at styrearbeidet kjennest meningsfullt og viktig.

Vi gler oss over at fleire ser det viktige arbeidet som vert gjort på Fredheim og i organisasjonen vår. Dette gir oss enno større frimodigheit til å utøve formålet vårt om å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Vi vil hjelpe menneske å leve og vekse i tru på Jesus Kristus og i mellommenneskeleg forståing, og utfordre til engasjement og handling i kyrkje og samfunn, lokalt og globalt.

08.02.2020

Silje Kiperberg Aksnes, konst. Leiar

Arrangement i 2019

Oppstartsgudsteneste 26. august

25. august var det felles oppstartsgudsteneste for Ulstein sokn og Ulstein KFUK-KFUM. Dette markerte starten på ein haust med mange kjekke aktivitetar. Det var fyrst ei gudsteneste som passa godt for store og

små, og etterpå var det felles grilling på Rådhusplassen med diverse aktivitetar/leikar. Dette var ei kjekk og sosial stund!

Fredheimbasaren laurdag 16. november 2019

Laurdag 16. november hadde vi årets Fredheimbasar. Dette er eit tradisjonsrikt arrangement som samlar folk i alle aldrar til ein triveleg dag i storstova til Ulstein KFUK-KFUM.

Basardagen tok til kl. 10.30 med tombola ved KFUK-KFUM-speidarane og matsal ved Ulstein Ten Sing, ungdomskoret vårt. Undervegs var det barnetime kl. 13.

Sjølve basarfesten byrja kl. 17. Det var song av Korklubben, barnekoret for dei til og med 3. klasse, og av Ulstein Tween Sing, koret for alle frå 4. til 7. klasse. Allsong sto sjølvstøtt og på programmet. Tradisjonen tru var det både åresal i to rundar og trekking av vinnarlodd i loddbøkene som vart selde i dagane før basaren. Det var fine gevinstar av mange slag. Undervegs i festen var det ei god matøkt med både påsmurde rundstykker og kaker. Til slutt runda vi av dagen med kveldstankar.

I år kom det inn heile 123.861 kr!

Fredheimbasaren er ein dugnadsfest der særst mange bidreg. Tusen takk til Ten Sing, Speidarane og K-gruppene, Rotary og manngruppa for jobben de har gjort! Takk og til alle privatpersonar som har vore med og støtta Fredheimbasaren. Vi er svært takknemlege for alt de har gjort!

Fredheimbasaren er den viktigaste inntektskjelda for drifta av Fredheim og arbeidet som har base der. På Fredheim er det godt å vere. I bygget som i år fyller 110 år møtes mange born og unge kvar veke til blant anna speidar, barnekor og ungdomskor.

«Ver deg sjølv. Stå opp for andre» er slagordet til KFUK-KFUM. Ulstein KFUK-KFUM er eit aktivt lag for alle som vil ta del i eit kristent og mangfaldig fellesskap. I tillegg til barne- og ungdomsarbeidet driv vi Gospelkoret og vaksengrupper. Til saman er det over 300 aktive i laget.

Vi er stolte av å vere med på dette fantastiske arbeidet!

Arrangementskomiteen for Fredheimbasaren ved Torill Vågen Vattøy

Adventsfest

Adventsfest på Fredheim er ein dugnadsfest for vaksne i alle aldrar. I 2019 vart den halde 30.11.19, ei

helg tidlegare enn den pleier. Datoendringa vart gjort etter ynskje frå soknet, med det formålet at den skulle unngå kollisjon med ein konsert i kyrkja helga etter. Adventsfesten 2019 hadde totalt 64 påmeldte, og det var stor aldersspreiing i festdeltakarane. Festen vart leia av Vegard Aksnes. På programmet var det både soloinnslag, kviss, kåseri, allsong og eit ord for kvelden. Til mat hadde vi juletallerken levert frå SUFH. Festen kosta kr 300,-, som dekkar kostnadane til middag og pynt. Det vart ei god førjulsstund, og eit kjekt møtepunkt mellom ulike generasjonar og venelag.

Komiteen for Adventsfest 2019 bestod av Birgitte Sundgot Førre, Kamilla Grimstad Hagen, Hennie Anett Viseth, Marit Skogestad Kleiven, Ester Alnes Osnes og Silje Grimstad Tvedt.

Jubileumsgåve frå Sparebanken Møre

I høve 175-årsjubileet til Sparebanken Møre i 2018, delte banken ut 175 000 kroner til eit prosjekt som bidreg til trivsel, vekst og utvikling i regionen. I Ulstein var det Fredheim som blei funnen verdig.

Jubileumsgåva vi fekk i desember 2018 har gjort at vi har kunne gjere viktige oppgraderingar av huset som kjem alle brukarar til nytte.

Pengane har blant anna blitt brukt til:

- Lerret med projektor
- 2 varmpumper inkl. elopplegg til desse
- Reingjering og boning av alle golv i kjeller og hovudetasje
- El-piano
- Lys og tilhøyrande elektrikkararbeid på loftet

Fredag-fredag

Det har blitt halde ope hus på Fredheim etter dei månadlege DRYPP-gudstenestene soknet arrangerer. Dette er sosiale kveldar med mykje prat, speling, biljard og kiosksal av pizza, brus og snacks. Stort sett godt oppmøte.

Årets datoar har vore: 2. februar, 5. april, 12. juni, 20. september.

Silje Kiperberg Aksnes og Edith Voksøy Steinsvik har hatt ansvar for kveldane.

Torsdagskveld på Fredheim

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. Det vart gjennomført fem «Torsdagskveldar på Fredheim» i 2019, tre i vårsemesteret og to i haustsemesteret. Sama Haifat slutta på våren, og det har vore vanskeleg å få inn ein ny person frå NMS. Det trengst ein til person til komiteen.

Vårsemesteret:

31.01 Songkveld, der Gospelkoret song og 4 andre personar vart utfordra til å seie noko om ein song som har betydd mykje for dei. Svært vellykka kveld med mange frammøtte.

25.04 NMS hadde ansvar for møtet. Hilde Petra talte.

23.05 Unni Takseth og Gerd Vik Flø las frå diktboka si: *Tre*. Roar viste bilete på skjerm frå boka. Kamilla Grimstad Hagen song. Mykje folk.

Hautsemesteret:

29.08 Helge Simonnes kom og snakka om boka si: *Kampen om korset*. Fullt hus.

24.10 Songkveld med gospelkoret og enkeltpersonar som vart utfordra til å seie noko om ein song som betydde mykje for dei. Fullt hus og svært vellykka.

Fleire av k-gruppene og andre enkeltpersonar har kome med mat til bordfellesskapet, det har vore kjekt å dele det ilag også.

Judit Grimstad Hatløy

Årsmeldingar frå einingane

Ulstein KFUK-KFUM er velsigna med eit stort arbeid som når ut til mange barn og unge –og ikkje minst til mange vaksne som har eit viktig nettverk gjennom Ulstein KFUK-KFUM. Store flokkar tek del i speidararbeid, TenSing, TweenSing, Gospelkoret og heile 8 kvinnegrupper. Her kan du lese årsmeldingane frå dei ulike einingane.

Ulstein Ten Sing –årsmelding

1. Einingsinformasjon

Ansvarleg vaksenleiar: Ruben Voldsund

Styreleiar: Øystein Grimstad Thormodsæter

Økonomileiar: Merete Håheim

Styret: - Øystein Grimstad Thormodsæter - Ingrid Moldskred Nygjerde - Dagni Myrene - Anne Maria Langnes - Victoria Myklebust - Andreas Edvardsen Sundgot - Heine Ljones Kulø - Sanne Kleven (vara)

Betalande medlem pr. 31.12.2019: 53 stk.

2. Endringar

Andreas Halle gav seg som vaksenleiar i Ulstein Ten Sing i oktober 2019. Ruben Voldsund held fram. Med ein person mindre i drift vart mykje av ansvaret lagt på den nokså nyoppstarta foreldregruppa, under leiing av Jan Einar Roos. Foreldregruppa bidreg frivillig med praktiske oppgåver på samlingane, som til dømes førebuing av mat til pause og opprydding, men også som sosiale faktorar som ungdommane kan vende seg mot. Oppgåvene deira er å sjå den enkelte, og bidra til fellesskapet.

3. Hovudaktivitetar

Ulstein Ten Sing har øving kvar onsdag 19.00-21.30. I tillegg har vi sosialkveld ca. ein gong i månaden.

Høgdepunkt:

- Vintertreff 2019 – Larsnes
- DRYPP Ungdomsgudsteneste
- Konsert på Sjøborg
- Sommaravslutning
- Ulsteinmessa
- Fredheimbasaren
- Øvingshelg
- Vertskap for Gospel Night i Ulsteinvik
- Juleball

4. Vurdering av arbeidet

Medlemstalet for våren 2019 var nokså stabilt. Vi har slitt med å få nye ansikt til å ta steget å faktisk melde seg inn som medlem. Likevel har vi hatt 44 frammøtte på kvar øving i gjennomsnitt i 2019, noko som er dobbelt så høgt som frå 2017. Konserten vi hadde på Sjøborg var truleg grunnen til at dette talet fekk ein oppsving. Vi ser at meningsfulle og målretta aktivitetar bidreg til større engasjement, og meir desentralisert ansvar. Styret er derfor i langt større grad enn tidlegare rådande for avgjersler, noko vi ser på som avgjerande for at arbeidet skal fungere i tråd med ideologien; “Ungt ansvar, vaksent nærvær”. Oppfatninga til foreldre i slutten av 2019 er at gruppa framstår som meir einheitleg, dvs. meir samansveisa og med ei større kjensle av felles identitet enn tidlegare. Med eit godt oppsving i aktivitet i 2019 har det lagt gode føresetnader for eit endå sterkare 2020.

Ulsteinvik, 13.februar 2020

Styreleiar: Øystein Grimstad Thormodsæter

Ansvarleg vaksenleiar: Ruben Voldsund

Ulstein Tween Sing - årsmelding

Styret har vore samansett slik:

Ståle Helvig

Vegard Aksnes

Gunhild Verås Grimstad

Leiar

Sekretær

Styremedlem

Ina Sæter Styremedlem
Marianne Follesøy Kaldhol Styremedlem
Åshild Sævik Varamedlem
Arnfinn Hanstad Kasserar*
(* ikkje medlem i styret)

Styret har vore samla 3 gonger. Elles har styret drøfta saker undervegs.

Leiarar for koret:

Våren 2019:

Ståle Helvig og Victoria Nedrelid

Hausten 2019:

Mari Haugen Lunde og Andreas Lunde

Koret har gjennom arbeidsåret teke del ved desse arrangementa:

6 januar	Song på julefest på Kjeldsund
3 februar	Visitasgudsteneste i Ulstein kyrkja
9 mars	UKM, Sjøborg
25-26 mai	Sosialtur/øving/overnatting på gamle Vonheim, Flø Afrikansk song med Daniel Waka
26 mai	Ulstein sokn sin sommarfest, Kjeldsund
7 september	Ulsteinmessa
16 november	Fredheimbasaren
1 desember	Song på «Lysvaken-gudsteneste» i Ulstein kyrkje

Litt meir om 2019

Eit høgdepunkt for Tween Sing dette skuleåret, var å bli med på UKM-mønstringa på Sjøborg. Der var dei aller først på programmet, og song «Umbrella» (Rihanna), og «Bridge of light» (Pink).

Koret hadde ein overnattingstur på Vonheim, Flø 25-26 mai i år. Der heldt Daniel Waka songseminar med vekt på afrikanske songar. På programmet stod elles leik, mat, finalen i Grand prix jr. på storskjerm og sosialt samvær. Eit viktig arrangement for samhaldet i koret. Søndags morgon drog koret til Kjeldsund, der dei song på Ulstein kyrkje si

gudsteneste/sommarfest. Der deltok også Korklubben.

Victoria Nedrelid takka av som korleiar i Ulstein Tween Sing etter UKM framsyninga 9 mars. Etter det hadde kantor Ståle Helvig koret åleine. Frå oppstart hausten 2019 overtok Mari Haugen Lunde og Andreas Lunde som leiarar i Ulstein Tween Sing.

Betalande medlemmer arbeidsåret 2018/2019 (betalt i 2018): 15

Betalande medlemmer arbeidsåret 2019/2020 (betalt i 2019): 17

Årskontingenten er sett til kr. 200,-

Ulsteinvik 20. februar 2019

Ståle Helvig, leiar

Gospelkoret - årsmelding

Styret vart vald den 30. april 2019 og har bestått av:

Styreleiar:	Mari Haugen Lunde
Kasserer:	Arnfinn Hanstad
Styremedlem:	Kristine Runde Ulstein
Styremedlem:	Roar Hatløy
Styremedlem:	Sverre Sæbø
Styremedlem:	Ingrid Madli Sæter

Det har vore sju styremøte i 2019

Dirigent, band og songarar:

Dirigent: Einfrid Grindheim

Orkesterleiar og piano: Bjørnar Hovlid

Bass: Tord Aksnes

Gitar: Ingen fast gitarist

Trommer: Peter Nygjerde (ved behov)

Songarar: Pluss/minus 30 stk. på kvar øving, totalt ca. 50 gjennom året.

Noteutvalet utarbeider repertoaret til koret kvar sommar. Dei trykkar opp innbundne notehefte og samlar lydfiler på CD og Spotify. Som i fjor har dei utarbeida ein meir detaljert plan for kva songar som skal nyttast på ulike oppdrag.

I 2019 har utvalet bestått av:

- Ingrid M. Sæter (styrerepresentant)
- Helge Flaché
- Kamilla Grimstad Hagen
- Bjørnar Hovlid
- Line Aksnes

Aktivitet i 2019:

• Januar	• August
08. Øving	20. Øving
14. Styremøte	26. Styremøte
22. Øving	• September
27. Korkafé	03. Øving
31. Songoppdrag, torsdagskveld på Fredheim	07. Songoppdrag Ulsteinmessa
• Februar	17. Øving
	22. Songoppdrag gudsteneste, Ulstein kyrkje
05. Øving	
19. Øving	• Oktober
• Mars	01. Øving
05. Øving	03. Styremøte
07. Styremøte	15. Øving
	24. Songoppdrag, torsdagskveld på Fredheim
19. Øving	
22. Songoppdrag i Ørsta	29. Øving
26. Øving	• November
31. Songoppdrag gudsteneste, Ulstein kyrkje	02. Seminar m/Hellen Thonhaugen
	03. Seminar m/Hellen Thonhaugen
• April	
02. Øving	12. Øving
04. Styremøte	14. Songoppdrag salmekveld, Hareid kyrkje
10. Generalprøve påskekonsert	26. Øving
11. Påskekonsert, Ulstein kyrkje	28. Styremøte
30. Øving og årsmøte	• Desember
• Mai	10. Øving
	15. Songoppdrag «Syng jula inn» og juleavslutning på Fredheim
14. Øving	
21. Styremøte	
28. Sommaravslutning på Kjeldsund	

Styret har i 2019 i hovudsak:

- planlagt og gjennomført årsmøte
- planlagt og gjennomført alle songoppdrag, korkafé og konsertar
- planlagt og gjennomført korseminar
- arrangert sommar- og juleavslutning
- laga i stand til pausar og andaktar på alle øvingar
- utført økonomiarbeid
- evaluert og justert samarbeidet mellom noteutval, dirigent og styret
- rekrutteringsarbeid
- oppdatert korets vedtekter
- oppretta rutine for mottak av nye medlemmer

Saker det har vore jobba med som vi tek med vidare inn i 2020:

- oppdatere medieplan
- lage ny logo utan KFUK/KFUM
- rekrutteringsarbeid, spesielt bass og tenor

Ulsteinvik, 19.1.19

Mari Haugen Lunde

Styreleiar

Ulstein KFUK-KFUM Speidarar – årsmelding 2018

Gruppeleiarar: Beate Hopland Langnes og Christfried Kaul

I Ulsteinspeidarane har vi desse gruppene: Stifinnar for jentene (3.-4. klasse), stifinnar for gutane (3.-4. klasse), vandrargutar (5.-10. klasse), vandrargutar (5.-10. klasse) og roverar (vidaregåande). Dette året har vi hatt omlag 170 betalende medlemmer.

Dei ulike gruppene har møte om lag annakvar veke. Møta føregår for det meste ute, og mange grupper har fast leirplass. Vi har av og til felles troppsmøte, men for det meste møte kvar for oss. Stifinnarane sine møte vert leia av vaksne, mens vandrargutar er inndelt i patruljer som vert leia av patruljeførarar i ungdomsskulealder – nokre litt større patruljer saman med vaksne. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidaraktivitetar som leirbygging og førstehjelp. Speidarane frå femte klasse og oppover har vore på fire overnattingsturar ute dette året.

Desse har vore til bl.a. Dimna, Nesselva og Speidarhytta, med overnatting under presenning. Speidarane frå ungdomsskulen og oppover har vore på snøholetur og ein ekstra tur til Holesanden. På avslutningsturen til Hatløya før sommarferien deltok nesten heile speidargruppa. Over 100 speidarar sov under open himmel under trea på øya. Det var sporløp, leirbål og gudsteneste på programmet. Like kjekt kvart år.

For å gjere vandrargruppene meir ansvarleg sjølve har vi gitt patruljeføraransvar til fleire i patruljene slik at ikkje nokon få slit seg ut på ei for stor oppgåve. Dette ser ut til å fungere godt.

Vi mottek mykje økonomisk støtte frå Max Bingo og dette er vi svært takksame for. Økonomien er stabil. Ved hjelp av dette støtte våre deltakarar på World wide Jamboree og andre speidararrangement.

Foreldrelaget organiserte ein strålende Café på Fredheim 17. mai, som også genererer god økonomisk stønad til speidararbeid.

Det har blitt utarbeidet konkrete planar for oppgradering / ombygging av speidarhytta, det er avklart økonomi til dette og arbeidet skal ta til våren 2020.

Etter sommaren tok Christfried Kaul og Wenche Kulø på seg ansvaret som gruppeleiarar med god støtte frå Birgitte Hareide Øvreliid.

Desse er leiarar ved årsskifte 2019/2020:
Gruppeleiarar er Christfried Kaul 91696820 og Wenche Kulø 91371178

Stifinnar jenter f. 2010-2011: Liv Astrid Langnes tlf 92828669, torsdagar i partalsveke 18:00 - 19:30

Stifinnar gutar f. 2010-2011: Odd Egil Holta tlf 47510365
Vandrar gutar f 2009: Olve Brandal tlf 41923244
Vandrar gutar f 2008: Lars Erling Bjåstad Hovlid tlf 91635277
Vandrar gutar f 2008 (Ulv): Hanne Marte Grimstad tlf 99649996,
tysdag i partalsveke 18-19.30

Vandrar gutar f: 2006 (Gaupe): Christfried Kaul tlf 91696820

Vandrar gutar f: 2004-2005 (Ute Ørn): Reidar Kulø tlf 47894264

Grillpølsene og Ute Ørn har slått seg saman til ei patrulje,
annankvar onsdag i partalsveke 17:00 -18:30

Vandrar jenter f: 2009: Silje Kiperberg tlf 99379147
møte: tysdag i partalsveker 18:00-19:30

Vandrar Jenter f 2008 (Isbjørn). Birgitte Øvreliid tlf 91618890, møtedag: onsdag i oddetalsveker

Vandrar Jenter f 2004-2007 (Rype): Tonje Øyehaug Ruud 98683712, møtedag: tysdag i partalsveker 17:30-19:30

Turleiar: Torstein Vattøy tlf 91358739
Roverkonge Tobias Solvang tlf 41759189.

Ulsteinvik 13.02.2020
Christfried Kaul

K-grupper – årsmelding

Vi er no 7 kvinnegrupper i Ulstein KFUK. Forbundsringen og 6 K-grupper. Samlingane har vi i heimane. Nokre grupper møtast ein gong i månaden, andre grupper oftare.

Tema varierer: delekveldar av ulik slag, tema om tru og tvil, lese tekster frå bibelen.

Forbundsringen og k-gruppene er og viktige bidragsyttere til arbeidet på Fredheim.

Økonomiske bidrag feks eller deltaking på dugnadsarbeid som til dømes Fredheimbasaren.

Kontaktpersonar for dei ulike gruppene er:

Forbundsringen: Hilde Petra Brungot

Gr 1: Gunn Randi Solstad Sønnesyn

Gr 2: Gunn Hofset

Gr 3: Gry Nordal

Gr 4: Solveig Johnsen Dahl

Gr 5: Birgit Kjoss Lyngre

Gr 6: Line Aksnes

Oppsummering av årsmeldinga 2019

Årsmeldinga viser at aktivitetane i Ulstein KFUK-KFUM har stort spenn og når innbyggjarar i alle aldrar.

Takk for at du var med i 2019, utan deg ville dette ikkje blitt det same. Velkomen med vidare i 2020!

For styret i Ulstein K/M, 23.02.2020

Edith Voksøy Steinsvik